



Gunn Kvalvågnes  
Keilevegen 97 B  
5953 FONNES

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/6550 - 16/4643

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:  
22.02.2016

## Manglande søknad - omlegging av avkjørsle - gbnr 124/1 Kjeilegavlen

Viser til godkjent dispensasjon frå kommunedelplanen for omlegging av avkjørsle for tilkomst til hyttetomter.

I vedtaket av 23.03.2015 har vi presisert at det er ikkje nok med avkjørselsløyve og dispensasjon, her er vilkår 2) i dispensasjonsvedtaket :

2) I tillegg til avkjørselsløyve etter veglova og dispensasjon etter pbl 19-2 må det ligga føre **løyve til tiltak etter pbl § 20-1** for utføring av anleggsarbeidet. Dette bør samordnast med utføring av anlegg for vatn og avløp til tomtene, som skal leggst i same området.

28.04.2015 sende Odd Haugen Maskinstasjon inn søknad om ansvarsrett for utføring av arbeidet med avkjørsle.

Vi venta lenge på søknad om løyve til tiltak, for dette arbeidet, helst i kombinasjon med anlegg for vatn og kloakk.

Vi har altså ikkje registrert nokon formell *søknad om løyve til tiltak* («byggeløyve») for vegomlegginga.

Er det aktuelt å søka om dette arbeidet no? Dispensasjonen gjeld i 3 år til 23.03.2018, så du har litt tid på deg om du vil ta saka opp seinare.

Dersom vi ikkje får skriftleg tilbakemelding frå deg **innan 20.03.2016**, vert saka arkivert utan vidare handsaming.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Dispensasjon frå kommunedelplan - gbnr 124/1 Kjeilegavlen - avkøyrse  
Søknad om ansvarsrett - gbnr 124/1 Kjeilegavlen

**Kopi til:**

Odd Haugen Maskinstasjon AS

Pb 50

5943

AUSTRHEIM

**Mottakarar:**  
Gunn Kvalvågnes

Keilevegen 97 B 5953

FONNES